

## Skape arbeidsplassar

I Ulstein er vi så heldige å ha store verksemder i verdklassen, som gjev arbeid til fleire tusen menneske i regionen vår. I kjølvatnet av dei kjem det fram nye småbedrifter og gründerar. Vi er stolte av dei.

### Ulstein Venstre ønskjer:

- ✓ å vere ein partner og medspelar for næringslivet lokalt
- ✓ eit grønt skifte i den maritime næringa
- ✓ næringsareal og tomter for framtidig vekst
- ✓ gjennom dialog med Mafoss og Maritimt forum lokalt skape grunnlag for endringar i nasjonal politikk
- ✓ statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar til Ulstein
- ✓ industriareal med tilgang til sjø
- ✓ å vere ein pådrivar for nye typar næringsverksemd, t.d. innan tenesteyting [...]

## Ein aktiv part i utviklinga i Ulstein

Det gode liv i Ulstein kan ikkje berre byggjast innafor kommune-grensene. Nokre oppgåver er betre å løyse saman, andre oppgåver er umoglege å løyse aleine. Då må vi samarbeide med våre naboar og saman skape framtida. Det er slik næringslivet i kommunen vår har fått suksess; ei skarp konkurranséand og ei sterk vilje til samarbeid.

### Ulstein Venstre ønskjer:

- ✓ ei ny kommune med gode tenester for innbyggjarane
- ✓ å byggje ein ny, større og betre kommune

- ✓ ei ny kommune med lokal forankring og sterkt lokal demokratisk påverknad
- ✓ at folket blir høyrde i kommunereformprosessen
- ✓ å vere ein pådrivar for gjen-nomføring av Hareid Fastlandssamband
- ✓ å vere ein aktiv part i valet av trase for HaFast
- ✓ sørge for god trafikkreguler-ing ved Hasundkrysset og i Saunesmarka
- ✓ påverke fylke og stat for eit best mogleg fergjetilbod over Hareid-Sulesund [...]

## Framtida i Ulstein

Ulstein Venstre ønskjer fortsatt vekst i Ulstein. Samtidig er den kommunale økonomien under press, prega av stor lånegjeld og reduksjon i inntekter. Utfordringane blir mange.

### Ulstein Venstre ønskjer:

- ✓ nye prosjekt for utvikling av lokalsamfunna i Ulstein
- ✓ å vere ombodsmann for inn-byggjarane i Ulstein
- ✓ betra budsjettstyring, og vidare styrking av samarbeidet mellom administrasjon og politikarar
- ✓ at Ulstein er ein open og inkluderande kommune
- ✓ ein ordførar som er ute og møter folk der dei er. Ordførarkontor som flyttast ut ein gong i veka.
- ✓ ikkje eigedomsskatt. [...]

## Ulstein Venstre si liste:



1. **Pål Grødahl**  
Ulsteinvik (f.1971)



2. **Hannelore Måseide**  
Ulsteinvik (f. 1942)



3. **Eldar Knotten**  
Dimna (f. 1960)



4. **Berit Lyngstad**  
Ulsteinvik (f. 1972)



5. **Tor Wilhelm Havåg**  
Eiksund (f. 1962)

6. **Kari Eide**  
(f. 1957) Ulsteinvik
7. **Markus Rene Nygård**  
(f. 1995) Ulsteinvik
8. **Einar Magne Skeide**  
(f.1960) Ulsteinvik
9. **Charlotte Hauge**  
(f.1977) Ulsteinvik
10. **Håkon Waage**  
(f.1955) Ulsteinvik
11. **Hilde Maria Nicolaisen**  
(f.1971) Ulsteinvik
12. **Lars Erling Hovlid**  
(f.1974) Ulsteinvik
13. **Kjell Einar Hatløy**  
(f.1964) Ulsteinvik
14. **Ellen Kvalsund**  
(f.1971) Ulsteinvik
15. **Morten Solheim**  
(f.1967) Ulsteinvik
16. **Hans Nygjerde**  
(f.1928) Ulsteinvik
17. **Mildrid Flø**  
(f.1972) Ulsteinvik
18. **Bjørn Dahl**  
(f.1948) Ulsteinvik
19. **Gunfrid Dukefoss**  
(f.1952) Ulsteinvik
20. **Billy Flø**  
(f.1958) Hasund
21. **Astor Notøy**  
(f.1951) Ulsteinvik
22. **Aase Ulla**  
(f.1947) Ulsteinvik
23. **Eldar Stein Flø**  
(f.1951) Flø
24. **Sverre Tenfjord**  
(f.1954) Ulsteinvik
25. **Hanna Lise Moltubakk**  
(f.1956) Ulsteinvik
26. **Christfried Kaul**  
(f.1968) Ulsteinvik
27. **Per Botnen**  
(f.1948) Ulsteinvik
28. **Marieke Christiansen**  
(f.1979) Ulsteinvik
29. **Jan Kåre Flø**  
(f.1960) Ulsteinvik
30. **Liv Else Sundgot Johannsen**  
(f.1959) Ulsteinvik
31. **Eli Skaatun**  
(f.1957) Ulsteinvik

Foto: Per Eide

Ulstein Venstre [...]

Valprogram  
[...]



[www.venstre.no](http://www.venstre.no)

# Kjære veljar i Ulstein . [.]

Programmet for Ulstein Venstre 2015 - 2019

## Trygt å vekse opp i Ulstein

Ulstein er ei god kommune å vekse opp i. Venstre legg vekt på tidlig innsats og førebyggjande arbeid. Vekst og utvikling skapast i eit samspele mellom gode offentlege tenester, frivillig arbeid og næringslivet, og kommunen må legge til rette for både organisert og uorganisert aktivitet.

### Ulstein Venstre ønskjer:

- ✓ styrke det tverrfaglege samarbeidet overfor barn og unge
- ✓ sosialarbeidarar/miljøterapeutar i grunnskulen
- ✓ styrke det rusførebyggjande arbeidet i skulen
- ✓ rettleiar frå NAV i vidaregåande skule
- ✓ eit mangfold av frivillige lag og organisasjonar
- ✓ SFO-tilbod ved alle skular
- ✓ gode rusfrie møteplassar for ungdom
- ✓ ein ansvarleg og restriktiv alkoholpolitikk
- ✓ ein fortsatt sterk helsestasjon for ungdom [...]

## Kultur og fritid - for alle

Frivillig innsats, eldsjeler og kultur skaper innhaldet i Ulstein-samfunnet. Vi må bygge vidare på

det gode vi allereie har. Vi har eit fantastisk utgangspunkt for organisert idrett gjennom nye flotte anlegg – Ulsteinhallen og Nye Høddvoll. Venstre er stolte av både toppidrettsutøvarane og breiddearbeidet i laga.

## Godt å bu i Ulstein

Her skal det vere godt å bu for alle. Vi har hatt ein stor vekst i talet på innbyggjarar dei siste åra, og vi ønskjer fortsatt vekst. Det er særskilt viktig at vi greier å gje rimelegare bu-tilbod til unge og integrere dei som kjem utanfrå, anten dei er høgt utdanna i maritim næring, arbeidsinnvandrarar eller flyktningar.

### Ulstein Venstre ønskjer:

- ✓ nok bustadomter og bustadar av ulik type i alle krinsar
- ✓ bustadar til fyrstegongsetablerarar
- ✓ velkomstpakke og innbyggartreff for nye innbyggjarar
- ✓ ein heilskapleg og tverrfagleg bustadsosial handlingsplan
- ✓ "leige før eige" på omsorgsbustadar og bustadar for dei vanskelegast stilte
- ✓ meir bruk av Husbankens låneordningar
- ✓ styrke norskopplæringa og auka arbeidsrettinga av introduksjonsprogrammet for flyktningar [...]

## Helse og omsorg - når du treng det

Velferda i eit samfunn kan målast etter kor godt vi tek vare på dei som treng det mest. Her kan vi aldri seie at vi er bra nok og aldri kvile, men kvar einaste dag bli betre. Det skal Venstre vere ein aktiv pådrivar for.

### Ulstein Venstre ønskjer:

- ✓ auka tal på heile stillingar i helse- og omsorgstenestene
- ✓ auka grunnbemannning i helse- og omsorgstenestene
- ✓ legge til rette for auka rekruttering av riktig kompetanse innan omsorgstenestene
- ✓ styrke lågterskeltiltak og dagtilbod innan rus og psykisk helse
- ✓ styrke demensomsorg
- ✓ skape mestring etter sjukdom eller funksjonsnedsetting gjennom auka kvardagsrehabilitering
- ✓ at eldre kan bu og ta i mot tenester i eigen heim så lenge dei kan og vil
- ✓ å ta vare på/vidareutvikle det gode arbeidet helsestasjonen gjer
- ✓ helsesøster på skulane [...]

## Ulstein – ein miljø- og klimavinner

Grøne kommunar legg til rette slik at den einskilde kan ta miljøomsyn i kvardagen. Det har skjedd mykje positivt i sentrum, med utbygging, utsmykking og vegbygging. Men eit sentrum er ingenting utan folk. Det gode bylivet skal vere prega av at folk bur og lever i eit sentrum med urban fortetting og eit urbant miljø.

### Ulstein Venstre ønskjer:

- ✓ el-bilar og el-syklar til bruk i kommunal tenesteyting
- ✓ hurtigladar for el-bilar
- ✓ statlege og fylkeskommunale miljøinvesteringar til Ulstein

- ✓ eit tettare samarbeid med andre kommunar om miljøsatsing og grøn vekst
- ✓ å sikre vidare utbygging av fjernvarmeanlegg
- ✓ sørge for tilrettelegging for kjeldesortering
- ✓ at kommunen sine fondsinvesteringar skjer i grøne næringar
- ✓ sikker trafikk til og frå skulane
- ✓ betre skilting av stoppestadar og ruteinformasjon for Bakkebyruta
- ✓ eit rimelegare Ungdomskort
- ✓ å følgje opp og rullere kommunen sin klimaplan
- ✓ gode offentlege møteplassar, parkar og offentlege toalett
- ✓ bevaring av sentrumsnære friområde og grøne lunger, som t.d. Vikholmen,
- ✓ ta vare på dei siste trehusa i sentrum
- ✓ gang- og sykkelveg Dragsundbrua- Ulstein vgs
- ✓ gang- og sykkelveg til Flø
- ✓ eit gjennomgåande kollektiv tilbod frå Hareid til Stryn gjennom Kvivsvegen
- ✓ å setje som krav eit godt kollektivtilbod ved alle nye samferdselsprosjekt [...]

## Satsar på skulen

Framtida byrjar i klasserommet. Skulen si viktigaste oppgåve er å gje den enkelte elev best mogleg kunnskap, gode grunnleggjande ferdigheter og tru på eigne evner. Ein skule for kunnskap og like mulegheiter krev fagleg sterke lærarar. Å satse på læraren er å satse på eleven.

### Ulstein Venstre ønskjer:

- ✓ auka satsing på lesing og skriving i 1.-3. klasse
- ✓ full barnehagedekking også i framtidia
- ✓ ved behov for fleire plassar vurdere utbygging av eit kommunalt barnehagetilbod
- ✓ auka andelen fagutdanna i barnehagane våre
- ✓ betre lokalar til SFO
- ✓ auka timeressursane i grunnskulen
- ✓ kompetansetiltak for lærarane
- ✓ utvide skuleområdet ved Ulsteinvik barneskule [...]

## Ein god arbeidsgjevar

Ulstein kommune skal også vere ein god kommune å arbeide i. Det er viktig for rekruttering, kompetanse og stabil arbeidskraft at kommunen er ein attraktiv arbeidsgjevar

### Ulstein Venstre ønskjer:

- ✓ å arbeide aktivt for å betre arbeidsmiljøet for dei tilsette
- ✓ å redusere sjukefråværet i kommunen
- ✓ auka tal på heile stillingar og grunnbemannning i helse- og omsorgstenestene
- ✓ ein god livsfasepolitikk for alle
- ✓ fremje ein kultur basert på kontinuerleg forbetring og utvikling i tenestene
- ✓ byggje ein openheitskultur i kommunen der alle tilsette vert sett og høyrd [...]